

Askvoll kontrollutval

SEKOM-sekretariat

MØTEBOK

Møtedato: 12.05.2015

Møtetid:

Kl. 09:30 – 12:30

Møtestad: Askvoll kommunehus,
møterom 1. etg.

	Faste medlemar	Møtte	Forfall	Merknader
	Jorunn Ringstad, leiar	X		
	Ole Andreas Myrstad, nestleiar	X		
	Ruben Fedøy	X		Var med i sakene 010-014/15
	Kjellaug Mikalsen		X	
	Kåre Haugen		X	
	Varamedlemar	Møtte	Forfall	Merknader
1	Jorunn Blom Aalen		X	
2	Fritz Hugøy	X		
3	Reidar Fristad	X		
	Andre som møtte			
	SEKOM-sekretariat v/Audhild Ragni Vie Alme.			
	Rådmann Håkon Loftheim og økonomisjef Nina Haugstad i sakene 010-014/15, kommunalsjef Helse- og omsorg Stein Helle i sak 010/15.			
	KRYSS Revisjon v/Terje Førde og Asgeir Tveit.			

Sak nr.	Sakstittel
008/15	Godkjenning av innkalling og sakliste
009/15	Skriv og meldingar 2-2015
010/15	Orientering om Helse- og omsorg i høve utbygging og konsekvensar for framtidig drift
011/15	Prosjektrekneskap IKT Skule
012/15	Uttale til rekneskapen 2014 for Askvoll kommune
013/15	Reglement for Askvoll kontrollutval med reglement for høyring
014/15	Finansiering av reperasjon av Stongfjorden Bedehuskapell 2009/10
015/15	Revisor sin eigenvurdering av uavhengigheit
016/15	Oppfølgingsliste 2-2015
017/15	Eventuelt

Underskrifter:

Jorunn Ringstad, leiar

Ole Andreas Myrstad

Ruben Fedøy

Reidar Fristad

Fritz Hugøy

SEKOM-sekretariat
v/Audhild Ragni Vie Alme

008/15: Godkjenning av innkalling og sakliste

Tilråding:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).

Innkalling og sakliste vert godkjent.

Handsaming i Askvoll kontrollutval 12.05.2015:

Tilrådinga vart samrøystes vedteke.

ASK-008/15 Vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

009/15: Skriv og meldingar 2-2015

Tilråding:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).

Skriv og meldingar vert tekne til orientering.

Handsaming i Askvoll kontrollutval 12.05.2015:

Tilrådinga vart samrøystes vedteke.

ASK-009/15 Vedtak:

Skriv og meldingar vert tekne til orientering.

010/15: Orientering om Helse- og omsorg i høve utbygging og konsekvensar for framtidig drift

Tilråding frå SEKOM-sekretariat:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).

Orienteringa frå rådmannen om Helse- og omsorg i høve utbygging og konsekvensar for framtidig drift, vert teke til vitande.

Handsaming i Askvoll kontrollutval 12.05.2015:

Rådmannen v/kommunalsjef for Helse- og omsorg Stein Helle møtte og orienterte om status og økonomi innan Helse- og omsorg.

Nytt framlegg til vedtak:

Orienteringa frå rådmannen om Helse- og omsorg vert teke til vitande.

Det nye framlegget vart samrøystes vedteke.

ASK-010/15 Vedtak:

Orienteringa frå rådmannen om Helse- og omsorg vert teke til vitande.

011/15: Prosjektrekneskap IKT Skule

Tilråding frå SEKOM-sekretariat:

(Saka går vidare til kommunestyret).

Kontrollutvalet viser til revisjonsmelding frå KRYSS Revisjon datert 21.1.2015 for prosjektnr. 1840 IKT Skule, og tilrår at rekneskapen vert godkjent.

Handsaming i Askvoll kontrollutval 12.05.2015:

Rådmann Håkon Loftheim møtte i saka og informerte om prosjektet. KRYSS Revisjon v/Terje Førde møtte i saka og ga sin kommentar til prosjektrekneskapen.

Tilrådinga vart samrøytes vedteke.

ASK-011/15 Vedtak:

Kontrollutvalet viser til revisjonsmelding frå KRYSS Revisjon datert 21.1.2015 for prosjektnr. 1840 IKT Skule, og tilrår at rekneskapen vert godkjent.

012/15: Uttale til rekneskapen 2014 for Askvoll kommune

Tilråding frå SEKOM-sekretariat:

(Saka går vidare til kommunestyret).

Kontrollutvalet sin uttale til rekneskapen 2014 for Askvoll kommune vert vedteken.

Handsaming i Askvoll kontrollutval 12.05.2015:

Rådmann Håkon Loftheim og økonomisjef Nina Haugstad møtte i saka og gjekk gjennom rekneskapen for 2015. KRYSS Revisjon v/Terje Førde og Asgeir Tveit møtte i saka og ga sine kommentarar til rekneskapen.

Tilrådinga vart samrøystes vedteke.

ASK-012/15 Vedtak:

Kontrollutvalet sin uttale til rekneskapen 2014 for Askvoll kommune vert vedteken.

013/15: Reglement for Askvoll kontrollutval med reglement for høyring

Tilråding frå SEKOM-sekretariat:

(Saka går vidare til kommunestyret).

1. Framlegg til nytt reglement for Askvoll kontrollutval datert 14.4.2015, vert vedteke.
2. Framlegg til reglement for høyringar i Askvoll kontrollutval datert 14.4.2015, vert vedteke.

Handsaming i Askvoll kontrollutval 12.05.2015:

Rådmann Håkon Loftheim møtte i saka.

Tilrådinga vart samrøystes vedteke.

ASK-013/15 Vedtak:

1. Framlegg til nytt reglement for Askvoll kontrollutval datert 14.4.2015, vert vedteke.
2. Framlegg til reglement for høyringar i Askvoll kontrollutval datert 14.4.2015, vert vedteke.

014/15: Finansiering av reperasjon av Stongfjorden Bedehusapell 2009/10

Tilråding frå SEKOM-sekretariat:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).

Saka vert lagt fram utan tilråding til vedtak.

Handsaming i Askvoll kontrollutval 12.05.2015:

Kontrollutvalsleiaren tok opp spørsmål om ugildskap i høve formannskapet si handsaming, og leiar og nestleiar gjekk frå ved handsaming av ugildskap.

Det var ingen av dei 3 andre medlemene i kontrollutvalet som meinte at leiar og nestleiar var ugild til å handsame saka. **Dette vart samrøystes vedteke.**

Rådmann Håkon Loftheim møtte i saka og informerte om omdisponering av låneopptak, og søknad om rentekompensasjonsmidlar. I formannskapsmøte kom det fram av det førelåg fondsmidlar, og midlane vart difor omdisponert.

Framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet meiner at formannskapet har følgd det regelverk som finst for investering i Askvoll kommune i sak 135/13.

Framlegget vart samrøystes veteke.

ASK-014/15 Vedtak:

Kontrollutvalet meiner at formannskapet har følgd det regelverk som finst for investering i Askvoll kommune i sak 135/13.

015/15: Revisor sin eigen vurdering av uavhengigheit

Tilråding frå SEKOM-sekretariat:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).

Kontrollutvalet tek oppdragsansvarleg revisor for Askvoll kommune, Terje Førde, si eiga vurdering av revisor sin uavhengigheit datert 20.1.2015 til vitande.

Handsaming i Askvoll kontrollutval 12.05.2015:

KRYSS Revisjon v/Terje Førde møtte i saka og ga sin kommentar.

Tilrådinga vart samrøystes vedteke.

ASK-015/15 Vedtak:

Kontrollutvalet tek oppdragsansvarleg revisor for Askvoll kommune, Terje Førde, si eiga vurdering av revisor sin uavhengigheit datert 20.1.2015 til vitande.

016/15: Oppfølgingsliste 2-2015

Tilråding:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).

Kontrollutvalet tar gjennomgangen av oppfølgingslista til orientering.

Handsaming i Askvoll kontrollutval 12.05.2015:

Tilrådinga vart samrøystes vedteke.

ASK-016/15 Vedtak:

Kontrollutvalet tar gjennomgangen av oppfølgingslista til orientering.

017/15: Eventuelt

Tilråding:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).

Handsaming i Askvoll kontrollutval 12.05.2015:

SEKOM-sekretariat og KRYSS Revisjon informerte om at sekretariat og revisor har starta arbeidet med førebuing til overordna analyse, og revisjonen vil føreta ei spørjeundersøking til noverande politikarar i kommunestyret og kontrollutvalet i juni 2015. Bestilling av overordna analyse vert lagt fram på neste møte 27. august.

ASK-017/15 Vedtak: